



Arkivnr: 2015/120-5

Saksbehandlar: Bente Utne

Melding

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.09.2015
Fylkesutvalet		23.09.2015

Fv 209 – Storskaret – Arefjord – utsetjing av gangbru

Statens vegvesen Region vest har i brev til Hordaland fylkeskommune den 4.6.2015 (vedlagt) foreslått å utsetja bygging av ei gangbru i prosjektet Storskaret – Arefjord i Fjell kommune. Denne gangbrua ligg kritisk plassert i forhold til ei høgspenmast for straumforsyninga til Kollsnes. Det vil vera svært høge kostnader om straumen til Kollsnes skulle bli utkopla, første sekund har ein kostnad på 15 millionar kr.

Vegvesenet meiner at utsetjing gangbrua ikkje vil medføra store ulemper for trafikantane. Når ny kraftlinje Mongstad – Kollsnes er teken i bruk vil den aktuelle høgspenlinja ikkje vera så kritisk i forhold til Kollsnes, og gangbrua kan då fullførast. Det vert vist til brevet frå Statens vegvesen for utfyllande informasjon.

For å halda framdrifta i prosjektet, hadde Statens vegvesen behov for rask tilbakemelding frå vegeigar om deira forslag til løysing. I brev av 19.6.2015 (vedlagt) gav Hordaland fylkeskommune si tilslutning til vegvesenet sitt forslag.

Prosjektet er no utlyst i Doffin med anbudsfrist 18.9.2015.